

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Gloppen kommune

Utval: Kontrollutval - Gloppen kommune
Møtedato: 22.02.2012
Møtetid: 10.00
Stad: Møterom 1. etg.
Møtenr.: 1/2012
Innkalling: Faste medlemmer

Melding til: Ordførar(møte- og talerett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møte- og talerett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 57 82 22 90 eller 976 15 363, eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

Sak 001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 002/12 Skriv og meldingar.
Sak 003/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.
Sak 004/12 Møteplan 2012 for kontrollutvalet.
Sak 005/12 Papirlaust kontrollutval.
Sak 006/12 Oppfølgingsliste 1-2012 – Gloppen.
Sak 007/12 Eventuelt.

Gloppen 14.02.2012

Geir Liavåg Strand (s)
Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.02.2012	001/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

002/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.02.2012

Utvall	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.02.2012	002/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-12 Tilbakemelding på spørsmålet om rutinar for attesting av tappt arbeidsforteneste, datert 29.12.2011.
- SM 02-12 Vedtak formannskapsak 018/12 Nytt reglement for kontrollutvalet.
- SM 03-12 Utskrift frå kontrollutvalsboka om leiar og nestleiar sine møte- og talerett i kommunestyret og om saker frå kontrollutvalet til kommunestyret.
- SM 04-12 KRD sitt svar på brev om § 77 nr 6 Kontrollutvalgets innstillingsrett, datert 07.10.2010.
- SM 05-12 Skatterekneskapen for 2011.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



SM 01-12

GLOPPEN KOMMUNE

SERVICETORGET

SEKOM-sekretariat
Postboks 338

6802 FØRDE

Att: Vidar Øvrebø

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
11/13150

Arkivopplysningar
11/1356-4 / / /

Dato
29.12.2011

Tilbakemelding på spørsmålet om rutinar for attesting av tapt arbeidsforteneste

Eg viser til e-post datert 6. desember i år om denne saka.

Rutinane våre er kort og godt at den som meiner å ha krav på tapt arbeidsforteneste etter kommunen sine reglar sender rekning på dette til servicetorget, som også er politisk sekretariat i Gloppen.

Vi har laga eigne skjema til dette, som ligg på heimesida vår saman med reglementet for godtgjersle. Dei som ikkje har lønnstrekk, treng ikkje dokumentere kravet, medan vi krev stadfesting frå arbeidsgjevar til dei som krev dekka trekk i lønn. I praksis blir dette ofte ordna slik at vi får ei stadfesting på timelønna til vedkomande.

Sjølvtendig næringsdrivande, t.d. ein advokat, som har ei vesentleg høgare timelønn enn dei 180,- kronene som ligg til grunn for udokumentert trekk, får dekka ein høgare sats viss dei kan sannsynleggjere inntektstapet. Her godtar vi t.d. kopi av faktura til kundar der vedkomande sin timepris går fram.

Dersom kravet gjeld inntektstap som er knytt til utval/organ som kommunen sjølv ikkje er sekretariat for, krev vi attestasjon på kravet frå vedkomande organ sitt sekretariat. Det betyr t.d. at SEKOM må attestere på krav frå medlemmene i kontrollutvalet.

Ta kontakt viss noko er uklart.

Med helsing

Jan Kåre Fure
sekretariatsjef



SM 02-12

GLOPPEN KOMMUNE**SAKSPAPIR**

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2012	018/12

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Arkiv: 033 &00	11/983- 23

Nytt reglement for kontrollutvalet**Vedlegg:**

Dok.nr Tittel på vedlegg
164287 Utkast til reglement for kontrollutvalet i Gloppen kommune

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har i sak 30/11 kome med framlegg til nytt reglement for utvalet. Reglementet skal vedtakast av kommunestyret.

Saksutgreiing:

Saksutgreiinga til kontrollutvalet – skriven av SEKOM-sekretariatet – ser slik ut:

Innleiing – Kva saka gjeld

Innføring av reglement for kontrollutvalet i Gloppen kommune.

Saksopplysningar:

I kommunestyresak sak 031/11 Politisk organisering av Gloppen kommune i perioden 2012-2015, vart det vedteke at kontrollutvalet skal aukast opp frå 3 til 5 medlemmar.

I brev frå Gloppen kommune den 05.10.2011 vert det stilt spørsmål om kontrollutvalet ventar på eit forslag til reglement for kontrollutvalet. I e-post den 6. oktober svarar SEKOM-sekretariat at dei ser det som naturleg at det er sekretariatet som legg fram forslag til nytt reglement for kontrollutvalet, og at kontrollutvalet gjev tilråding til kommunestyret om dette og at kommunestyret så gjer vedtak i saka.

I og med at kontrollutvalet skal vere uavhengig av dei andre utvala, og at kontrollutvalet har eige sekretariat, er det sekretariatet for kontrollutvalet som bør utarbeide utkast til reglement som så vert lagt fram for kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjev tilråding om reglementet til kommunestyret.

Reglementet for kontrollutvalet er basert på kommunelova, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Vidare er det teke utgangspunkt i rutinane som har vore gjeldane vedrørande system for val av varamedlemer, møteinnkalling, gjennomføring av møte og handtering av møteprotokollar.

Kommunal- og Regionaldepartementet gav i desember 2009 ut rapport med 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane. Etter dette er det utarbeidd utkast til endring i kommunelova. Høyring vedrørande dette er under gjennomføring.

I utkastet til reglement er det teke høgde for at dei tilrådingane som er gjevne om kontrollutvalet i rapport om 85 tilrådingar til eigenkontroll i kommunen og endringane som går fram av høringsutkastet til endring av kommunelova vert gjennomførde. Dei mest sentrale punkta, som er tekne med i reglementet, i høve til dette er følgjande:

- Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møtet saman med formannskap og ordførar.
- Leiarar og styremedlemer i kommunalt åtte selskap bør ikkje kunne sitje i kontrollutvala.
- Kontrollutvalsmøta bør som hovudregel vere opne.

Oppgåva til kontrollutvalet er å gje tilråding om reglementet til kommunestyret. Kommunestyret gjer vedtak i saka.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kommunestyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Gloppen kommune.

Kontrollutvalet ynskjer følgjande endring i reglementet § 2 pkt 2.

Leiar i kontrollutvalet skal veljast mellom dei faste medlemmane i kommunestyret.

Endringa vert gjort i utkastet før oversending til kommunestyret.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Gloppen

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Dei økonomiske konsekvensane i denne saka er ikkje vesentlege. Auka medlemstal i kontrollutvalet gjev sjølv sagt auka utgifter til møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste. Utover dette har saka ikkje økonomiske konsekvensar.

Rådmannen si vurdering:

Det var rådmannen som stilte spørsmål til kontrollutvalet om utvalet forventar eit framlegg frå rådmannen til revidert reglement. Bakgrunnen for spørsmålet var arbeidet med reglementa til dei andre utvala, og det faktum at ein god del har skjedd sidan kommunestyret sist fastsette reglementet til kontrollutvalet den 26. mars 2007.

Framlegget til nytt reglement er utarbeidd utan at rådmannen har vore inne i biletet. Det kan sjølv sagt diskuterast om rådmannen i det heile teke skal legge seg fram i saka. Når rådmannen gjer det, støttar eg meg på kommunelova § 77, nr 6, andre ledd der det heiter: "Før en sak rapporteres til kommunestyret eller fylkestinget skal den ha vært forelagt administrasjonssjefen til uttalelse"

Til dette skriv Bernt og Overå på side 534 i 5. utgåve av *Kommuneloven med kommentarer* at "Bestemmelsen sier ikkje noe om kommunikasjon med kommunens eller fylkeskommunens administrasjon elles på et tidligere trinn, under den forberedende saksbehandling, men det følger klart nok av alminnelige krav til forsvarlig saksbehandling at kontrollutvalget må

innhente uttalelse frå den eller de avdelinger som har ansvaret for vedkommende saksområde eller avgjørelse, før det går vidare med saken.”

Etter rådmannen sitt syn tyder dette at kontrollutvalet også i denne saka burde ha spurt om rådmannen sitt syn, og at formannskapet – som ”ansvarleg avdeling” kan uttale seg i saka.

Når rådmannen gjer eit poeng av dette, skuldast det at vi så langt ikkje har fått til gode nok rutinar for innhenting av ”administrasjonssjefens uttalelse”. Det er ikkje meininga med regelen i § 77, nr 6 at rådmannen skal uttale seg *etter* at kontrollutvalet har gjort sitt vedtak, men som ein del av kontrollutvalet si saksbehandling. Dette bør vi få betre til i tida framover.

Så til framlegget om nytt reglement:

Generelt

Etter rådmannen sitt syn er utkastet til reglement på nokre området vel detaljert når vi legg til grunn at kommunestyret er vedtaksmynde. I tillegg har reglementet nokre punkt som utvalet sjølv skal avgjere, t.d. spørsmålet om opne eller lukka møte. Det blir derfor formelt feil å la kommunestyret gjennom reglementet gjere vedtak i eit spørsmål som ikkje ligg til kommunestyret å bestemme.

Til § 2 Val – samansetjing

I fjerde ledd heiter det her at ”Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar.”

Etter rådmannen sitt syn er dette for detaljert. Det er ordføraren som fastset saklista til kommunestyret og rekkefølga på sakene. Vi kan ikkje gjennom eit utvalsreglement avgrense ordføraren sin styringsrett på dette punktet. Fjerde ledd i § 2 bør i staden lyde:

Kontrollutvalet skal veljast på konstituerande møte i kommunestyret.

Elles er § 2 vesentleg utvida i høve til dagens reglar, m.a. er tredje ledd om kva for parti leiar i utvalet ikkje skal tilhøyre, ny. Punktet er i samsvar med dei tilrådingane m.a. KS kjem med.

Til § 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Det følgjer av kommunelova § 77, nr 8 at møta i kontrollutvalet skal haldast for lukka dører ”dersom ikke utvalget selv har bestemt noe annet”. Det er med andre ord ikkje opp til kommunestyret å avgjere om møta i kontrollutvalet skal vere opne. Andre punktum i § 4, første ledd skal derfor ikkje vedtakast av kommunestyret. Rådmannen gjer framlegg om å endre andre punktum til:

Kontrollutvalet har bestemt at møta i utvalet som hovudregel skal vere opne.

Til § 5 Møte- og talerett

Leiar i kontrollutvalt har etter § 77, nr 1, siste punktum møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir behandla. I framlegget til reglement vil kontrollutvalet utvide denne retten til også å gjelde nestleiar.

Rådmannen har ikkje spesielle merknader til dette, men eg gjer merksam på at dette er ei særordning sidan ingen hittil i reglements form er gjeven møte- og talerett i kommunestyret utanom medlemmene i kommunestyret og rådmannen.

Til § 6 Sekretariatet

Rådmannen vil stille spørsmål ved om kommunestyret bør seie noko om sekretariatet sine oppgåver. I utgangspunktet er dette saker som kontrollutvalet sjølv bør avgjere, spesielt gjeld dette fullmaktene til sekretariatet. Dei tre siste ledda i § 6 bør etter rådmannen sitt syn ikkje vedtakast av kommunestyret. Eit alternativ kan vere å skrive desse punkta om slik:

Kontrollutvalet har elles vedteke at sekretariatet

1. har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.
2. i samråd med leiar kan tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen og kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

Det går då – på same måten som for opning av møta – tydeleg fram av reglementet at det er utvalet sjølv som har bestemt dette – ikkje kommunestyret.

Sidan rutinane for innhenting av uttale frå administrasjonssjefen etter reglane i kommunelova § 77, nr 6 så langt – etter rådmannen sitt syn – ikkje er godt nok innarbeidde, vil rådmannen stille spørsmål om § 6 i reglementet burde seie noko om dette.

I praksis er det naturlegvis sekretariatet si oppgåve å syte for at sakene som blir lagde fram for utvalet er ”forsvarleg utgreidd” som det alt står i framlegget til reglement. I dette ligg også å innhente ”administrasjonssjefens sin uttalelse”, jfr. kva Bernt og Overå seier om dette.

Det viktige for rådmannen er at administrasjonssjefen blir spurd *før* utvalet gjer sitt vedtak, slik at vi unngår ei ettervurdering frå rådmannen si side, sidan dette lett kan bli oppfatta som om rådmannen ikkje aksepterer utvalet si uavhengige rolle. Det er sjølvsagt ikkje meininga.

Rådmannen kjem ikkje med konkrete framlegg til endringar i reglementet på dette punktet. Det må ligge i første punktet om sekretariatet sitt ansvar for saksutgreiinga at også rådmannen blir gjeve høve til å ivareta sin uttalerett etter § 77, nr 6 i kommunelova.

Rådmannen oppfattar ikkje siste setning i framlegget til reglement som ein del av § 7. Vedtaksdato i kommunestyret bør stå straks under overskrifta på reglementet, slik:

Reglement for kontrollutvalet i Gloppen kommune
Fastsett av kommunestyret den, sak .../12.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Kommunestyret vedtek kontrollutvalet sitt framlegg til reglement for utvalet i samsvar med kontrollutvalet sitt vedtak i sak 30/11, med desse endringane:
 - a. § 2, fjerde ledd skal lyde:
Kontrollutvalet skal veljast på konstituerande møte i kommunestyret.
 - b. § 4, første ledd, andre punktum skal lyde:
Kontrollutvalet har bestemt at møta i utvalet som hovudregel skal vere opne.
 - c. § 6, femte ledd under sekretariatet sine oppgåver skal lyde:
Kontrollutvalet har elles vedteke at sekretariatet
 - har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

- i samråd med leiar kan tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen og kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt
- 2. Reglementet gjeld frå vedtaksdato. Frå same dato blir kontrollutvalet sitt reglement vedteke av kommunestyret den 26. mars 2007 i sak 14/07, oppheva.

09.02.2012 FORMANNSKAPET

Spørsmål som vart reist:

- Er det nødvendig at leiaren i utvalet sit i kommunestyret?
- Er det for sein frist for framlegging av planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i § 3, 3. ledd?

018/12 VEDTAK:

Saka vart utsett.

Vedtaket var samrøystes.

Uavhengig av om kontrollutvalet får oversendt saker frå kommunestyret, kan utvalet på eige initiativ følgje opp saker som er handsama i kommunestyret dersom utvalet meiner det er viktig ut ifrå eit kontroll- og tilsynsperspektiv. Det er likevel viktig at dette ikkje blir ein omkamp om politiske vedtak.

"Det er svært viktig for kontrollutvalgsleder å være til stede i bystyret. Jeg er ikke medlem av bystyret denne perioden, men møter alltid. Jeg har talerett på våre saker og den benytter jeg." (Kontrollutvalsleiar, Haugesund)

Kontrollutvalsleiar sin møterett i kommunestyret *

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når saker frå kontrollutvalet blir handsama.²⁵ Det er viktig at kontrollutvalet nyttar denne retten, og at ordførar gjev kontrollutvalsmedlemmene eiga taletid, slik at utvalet kan informere om aktuelle saker i samband med handsaminga i kommunestyret. Spesielt gjeld dette handsaminga av årsrekneskap og rapportar frå forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar. Når kontrollutvalsleiar får høve til å presentere sakene for kommunestyret, får kommunestyret eit betre grunnlag for å handsame sakene. Presentasjon av sakene vil også vere med på å synleggjere arbeidet til kontrollutvalet, og vil setje kommunestyret betre i stand til å forstå og bruke kontrollutvalet aktivt som sitt kontrollorgan.

"Det er viktig at kontrollutvalget løpende legger frem og presenterer sakene for kommunestyret som organ. Det gir større nærhet mellom kommunestyret og kontrollutvalget, samt at kommunestyrets medlemmer gis mulighet til også å involvere kontrollutvalgets medlem i debatten om det som blir fremmet. Kommunestyret må være bevisst på at kontrollutvalget både har og skal ha en fremtredende rolle i organisasjonen." (Kontrollutvalsleiar, Ski)

Saker frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saker frå kontrollutvalet skal normalt fremjast direkte til kommunestyret for handsaming.²⁶ I saker der kontrollutvalet har innstillingsrett, har verken administrasjonssjef eller folkevalde organ høve til å gje innstilling.²⁷

Innstillingsretten til kontrollutvalet er knytt til saker der kontrollutvalet rapporterer resultata av sitt arbeid. Dette gjeld mellom anna:

- plan for selskapskontroll
- rapportar frå gjennomførte selskapskontrollar
- plan for forvaltningsrevisjon
- rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar
- rapportering om saker som ikkje er følgde opp av administrasjonen

Kontrollutvalet har også innstillingsrett i saker som gjeld val av revisjonsordning. Dersom kommunen har eigen revisjon, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret i saker som gjeld det å tilsetje, suspendere, seie opp eller setje av ansvarleg revisor og eventuelt andre tilsette i revisjonen.

Kontrollutvalet sin innstillingsrett til kommunestyret er ikkje til hinder for at andre folkevalde organ kan handsame saker frå kontrollutvalet før dei blir handsama i kommunestyret. Saksframlegget til kontrollutvalet og innstillinga skal likevel gå uendra til kommunestyret, og gå tydeleg fram av saksdokumenta.²⁸

Det kan vere ein føremon at kommunestyret drøftar kva typar saker dei ynskjer at kontrollutvalet skal leggje fram, slik at kommunestyret på ein hensiktsmessig måte kan halde seg orientert om arbeidet til kontrollutvalet.

²⁵ Kontrollutvalgsforskriften § 2.

²⁶ Kommuneleien § 77 nr. 6 og brev frå KRD til Fylkesmannen i Østfold dagsett 7.10.2010 (KRD 2010).

²⁷ Brev frå KRD til Fylkesmannen i Østfold dagsett 7.10.2010 (KRD 2010).

²⁸ Brev frå KRD til Fylkesmannen i Østfold dagsett 7.10.2010 (KRD 2010).



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

SM 04-12

Du er her: regjeringen.no / [Kommunal- og regionaldepart...](#) / [Tolkningsuttalelser](#) / [Kommunalrett](#) / [Kommuneloven](#) / § 77 nr. 6 Kontrollutvalgets innstillingsrett

Prinsippfråsegn/fortolkning, 07.10.2010

Fylkesmannen i Østfold

Dykkar ref.

2010/82 322 GHJ

Vår ref.

10/1056-3 ERA

Dato

07.10.2010

§ 77 nr. 6 Kontrollutvalgets innstillingsrett

Vi viser til brev m/vedlegg av 15. april 2010.

I brevet anmodes det om en uttalelse fra departementet om hvordan kommuneloven § 77 nr. 6 skal tolkes. Av brevet fremgår det at henvendelsen har sin bakgrunn i en konkret sak, hvor Fylkesmannen har besvart spørsmål som er reist av Østfold kontrollutvalgssekretariat. Departementet vil understreke at vårt brev ikke er ment å ta stilling til den konkrete saken som henvendelsen har sitt utspring i.

Departementet begrenser seg derfor til å gi generelle kommentarer til problemstillingen som Fylkesmannen har reist i sitt brev. Problemstillingen omhandler hvilke saker eller sakstyper kontrollutvalget har innstillingsrett i.

Kommuneloven § 77 nr. 6 lyder:

Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. Før en sak rapporteres til kommunestyret eller fylkestinget skal den ha vært forelagt administrasjonssjefen til uttalelse.

Det fremgår ikke av ordlyden hvorvidt kontrollutvalget har innstillingsrett i de saker hvor utvalget "rapportere[r] resultatene av sitt arbeid til kommunestyret". Spørsmålet om innstillingsrett synes heller ikke berørt i bestemmelsens forarbeider.

Fylkesmannen peker i sitt brev særlig på lovendringen i 2003 hvor kommuneloven § 60 ble flyttet til § 77 nr. 6, og samtidig ble gitt en noe annen utforming. (Gammel) § 60 nr. 8 annet punktum lød slik:

Kontrollutvalget legger rapportene fram for kommunestyret eller fylkestinget med merknader og forslag til vedtak

Før lovendringen i 2003 (i kraft juli 2004) fulgte det altså direkte av loven at kontrollutvalget skulle formulere forslag til vedtak (innstilling). Bestemmelsen var generelt utformet, og altså ikke begrenset til å gjelde utvalgte type rapporter. Spørsmålet blir da om lovendringen i 2003 innebar en tilsiktet realitetsendring i form av en begrensning av kontrollutvalgets innstillingsrett. Som nevnt er endringen ikke kommentert i lovforarbeidene. Departementet mener imidlertid at det ville ha vært naturlig å kommentere en eventuell realitetsendring i lovforarbeidene. Det har derfor formodningen mot seg at lovendringen innebar en tilsiktet lovendring. Departementet kan for øvrig ikke se at gjeldende lovs ordlyd taler imot at kontrollutvalget etter bestemmelsen har innstillingsrett.

Også bestemmelser i forskriften peker i retning av at loven § 77 nr. 6 hjemler innstillingsrett for kontrollutvalget. Forskriften § 10 fastsetter at kontrollutvalget skal utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, som skal vedtas av kommunestyret. I merknadene til denne bestemmelsen, jf. rundskriv H-15/04, heter det:

Etter innstilling fra kontrollutvalget skal kommunestyret/fylkestinget vedta plan for forvaltningsrevisjon

Merknadene til § 13 annet ledd (plan for gjennomføring av selskapskontroll) omtaler ikke på tilsvarende måte innstillingsspørsmålet. Etter departementets vurdering bør likevel forståelsen av § 10 også gjøres gjeldende for § 13 annet ledd. Det vises til at ordlyden i disse to forskriftsbestemmelsene er identisk når det gjelder utarbeidelse av plan. I forskriften finnes det videre bestemmelser som pålegger kontrollutvalget å avgi (§§ 11 og 15) eller gi (§ 12) rapport i forbindelse med forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Når det legges til grunn at det å "utarbeide plan" etter §§ 10 og 13 annet ledd er eksempler på oppgaver som innebærer rett til å innstille, synes også det å "gi eller avgi rapport" å være eksempler på det samme. Å formulere en innstilling synes nært knyttet opp mot det å "gi eller

avgi en rapport".

Departementet antar etter dette at kommuneloven § 77 nr. 6 hjemler innstillingsrett for kontrollutvalget i saker hvor det rapporterer resultatene av sitt arbeid.

I saker hvor kontrollutvalget er gitt innstillingsrett, vil det ikke være anledning for andre – hverken administrasjonssjef eller folkevalgte organer – å avgi innstilling.

Kontrollutvalgets enerett til å avgi innstilling er nødvendigvis ikke til hinder for at saken i tillegg forelegges andre folkevalgte organer. Departementet presiserer at slik foreleggelse skal være et supplement til kontrollutvalgets saksforberedelse. Det er ikke adgang til å erstatte kontrollutvalgets saksforberedelse på denne måten. Dersom en slik fremgangsmåte velges må kontrollutvalgets innstilling og eventuelle vurderinger klart fremgå i saksdokumentene til kommunestyret.



SKATTEOPPKREVJAREN I GLOPPEN KOMMUNE

30.01.2012

Arkivkode :
Dykkar referanse :


SEKOM-SEKRETERIAT
POSTBOKS 338

6802 FØRDE

SKATTEREKNESKAPEN FOR 2011.

Sender vedlagt skatteoppkrevjaren i Gloppen kommune sitt årsrekneskap og årsrapport for 2011.

Med helsing


John Morten Selsvik
Skatteoppkrevjar


Oddfrid Rønnekleiv
konsulent skatt

Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgskriterier: Komm nr : '1445', År : '2011', Hovedbokstype : 'k'

		Valgt år	Forrige år
	Likvider	36 332 859	34 427 272
	Skyldig skattekreditorene	-3 817 454	-3 143 191
	Skyldig andre	20 760	-13 995
	Innestående margin	-32 536 161	-31 270 081
	Udisponert resultat	-3	-4
Sum		0	0
	Arbeidsgiveravgift	-70 704 686	-66 203 445
	Personlige skatteyttere	-355 116 992	-335 824 131
	Selskapsskatt	-148 330 536	-119 466 507
	Renter	-546 191	755 397
	Innfordring	-6 338	20 178
Sum		-574 704 743	-520 718 507
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	70 704 687	66 203 444
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	97 297 336	88 768 389
	Fordelt til Fylkeskommunen	22 417 993	21 857 716
	Fordelt til kommunen	107 739 053	112 571 625
	Fordelt til Staten	276 547 397	231 317 333
	Krav som er ufordelt	-1	1
	Videresending plassering mellom kommuner	-1 722	
Sum		574 704 743	520 718 507
Sum totalt		0	0

23.1.2012 *Yolun Moten Schu*



SKATTEOPPKREVJAREN
I GLOPPEN KOMMUNE
6823 SANDANE

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv. som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv. er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet er uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**


Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.



Årsrapport for 2011

Skatteoppkreveren i Gloppen kommune

Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet.....	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret	3
1.1.1 Ressurser	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret.....	4
1.4 Skatteutvalg	4
2. Skatteregnskapet	5
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet	5
2.2 Margin.....	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2010	5
2.2.2 Kommentarer til marginavsetningen	5
3. Innfordring av krav.....	6
3.1 Restanseutviklingen	6
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	6
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser	7
3.1.3 Restanser eldre år.....	7
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år.....	7
3.2 Innfordringens effektivitet	8
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 30.06.2011.....	8
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat	8
3.2.3 Omtale av spesielle forhold	9
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen.....	9
3.3 Særnamskompetanse	9
4. Arbeidsgiverkontroll	9
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen.....	9
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	9
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen	10
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen.....	10
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører.....	10
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak	10

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

1.1 Skatteoppkreverkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret	1,75	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	0,50	%
Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift	0,50	%
Arbeidsgiverkontroll	0,55	%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer	0,05	%
Skatteutvalg	0,05	%
Administrasjon	0,10	%
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjaren har 1,75 årsverk som er fordelt på 2 konsulentar og skatteoppkrevjaren har det overordna ansvaret. Dei tilsette er Oddfrid Rønnekleiv i 70% og Elin Johansen i 100% på skatt. John Morten Selsvik er skatteoppkrevjar.

John Morten Selsvik har det overordna ansvaret for vedlikehold av fullmakter og tilganger i rekneskapssystemet og bank. Elin Johansen har hovudansvar for arbeidsgjevarane m/innfordring og Oddfrid Rønnekleiv har hovudansvar for skatterekneskapen og personlege/upersonlege skattytarar m/innfordring. Begge overlappar kvarandre ved ferieavvikling og anna fråvær. Begge har fullmakter i SOFIE og i bank til attesting og godkjenning av utbetalingar. I tillegg har Grete Liv Tisthamar tilgang til SOFIE for å bistå ved ferieavvikling og anna fråvær.

1.1.3 Ressurser og kompetanse

Skatteoppkrevjar John Morten Selsvik tok til i stillinga 01.10.2008 og hadde frå før ingen kjennskap til skatterekneskapet. Elin Johansen har vore tilsett sidan 2002 og var før det i det private næringsliv som rekneskapsførar og revisjonsmedarbeidar. Oddfrid Rønnekleiv har vore tilsett sidan 1981 og har jobba med skatterekneskap i alle år.

- **Skatterekneskapet;** Skatteoppkrevjaren meiner kompetansen er tilstrekkeleg, men på grunn av endra stillingsprosent er det litt mindre ressurs enn tidlegare.
- **Innfordring;** Skatteoppkrevjaren meiner kompetansen er tilstrekkeleg, men på grunn av endra stillingsprosent er det litt mindre ressurs enn tidlegare.
- **Arbeidsgjevarkontrollområdet;** Skatteoppkrevjaren meiner at kompetansen er tilstrekkeleg. Dei planlagde og pålagde kontrollane er gjennomført. Den kontormessige kontrollen er og gjennomført på ein tilfredstillande måte.

1.2 Internkontroll

Skatteoppkrevjaren prøver å ha ein god internkontroll ved å følge dei rutinar for dokumentasjon, arkivering og oppbevaring av bilag som er gjevne gjennom SOFIE. Manuelle bilag vert skrevne ut, daterte og underskrevne av den som utfører arbeidet. Ein annan person kontrollerer at det er rett og skriv under. Ved utbetaling i SOFIE/bank er vi og minst 2 personar for denne aktiviteten. Bankavstemming prøver vi å gjere for kvar dag.

Skatteoppkrevjarane i Nordfjord kommunane har eit godt samarbeid og har laga mal for felles rutinebeskrivelsar etter overgang til SOFIE. Den vert oppdatert pr. 01.01.i kvart år. Ny oppdatert versjon vert sendt Skatt vest v/RK innan 01.mars. I tillegg er det utarbeidd eigen mal for verksemdsplan.

Skatteoppkrevjaren i Gloppen har eigen internkontrollperm med dokumentasjon på fullmakter, teieplikt, resultatkrav, rutineskilddringar, driftsplan m.m.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

Nedanfor viser skatt og arbeidsgjevaravgift som er innbetalt i 2011 sett i forhold til 2010:

	2011	2010
Arbeidsgjevaravgift	kr. 70.704.686,-	kr. 66.203.445,-
Personlige skattytarar	kr. 355.116.992,-	kr. 335.824.131,-
Selskapsskatt	kr. 148.330.536,-	kr. 119.466.507,-
Renter	kr. 546.191,-	kr.- 755.397,-
Innfordring	<u>kr. 6.338,-</u>	<u>kr.- 20.178,-</u>
Sum	<u>kr. 574.704.743,-</u>	<u>kr. 520.718.507,-</u>

Det har frå 2010 til 2011 vore ein auke i skatteinngangen på kr. 53.986.236,-. Dette er ein auke på 10,4%. (Frå 2009 til 2010 var auken på kr. 5.428.219,-, eller 1,1%)

1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Fordelingsprosenten for personlige skattytarar er for kommunen 29,0 % i 2011 mens for 2010 er den 33,0%. Når det gjeld upersonlige skattytarar får kommunen for 2010 (fordelt i 2011) 1,1%. Dette er den same prosenten som er for 2009 (fordelt i 2010).

I 2011 vart det fordelt skatt til Gloppen kommune med kr. 107.739.053,-, mens det i 2010 var kr. 112.571.625,-. Dette er ein nedgang på kr. 4.832.572,- eller 4,3 %. (Frå 2009 til 2010 var det ein auke på kr. 3.913.448,- eller 3,6%)

1.4 Skatteutvalg

Skatteoppkrevjaren i Gloppen har i 2011 handsama og sendt vidare til skatteutvalget 2 saker. (Ingen saker i 2010). Skatteutvalget har gjort vedtak i ei av sakene, men det vart ikkje ettergjeve noko. I den andre saka, som vart sendt i midten av sept.-11, har skatteoppkrevjaren ikkje fått tilbake vedtak frå skatteutvalet.

2. Skatteregnskapet

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkreveren i Gloppen kommune bekrefter at skatteregnskapet for 2011 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere § 3-1.

- Det er ikke mottatt pålegg om regnskapsføringen, rapporteringen og avleggelsen av skatteregnskapet fra regional kontrollenhet.

Årsregnskapet for 2011 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkreveren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2010

Beskrivelse	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2010, pr. 31.10.2011	0,-
For mye avsatt margin for inntektsår 2010	
For lite avsatt margin for inntektsår 2010	3.820.378,-

Marginprosent

Prosentmarginavsetning: 10 %. Gyldig fra: 01.01.1900

2.2.2 Kommentarer til marginavsetningen

Marginavsetning har vore 10% i mange år.

Marginoppgjer for dei 3 siste åra:

- 2008: Underskot kr. 365.409,-
- 2009: Underskot kr. 5.313.658,-
- 2010: Underskot kr. 3.820.378,-

Det var for inntektsår 2010 avsett kr. 3.820.378,- forlite i margin. Kommunestyret har ikkje vedteke endringar av prosentsatsen for marginavsetning i løpet av 2011.

Det har dei 3 siste åra vore avsett forlite margin. Skatteoppkrevjaren finn ikkje at prosentsatsen er vesentleg for lav, men dersom forlite avsett margin for inntektsår 2011 vert like stort som dei 2 siste åra, bør skatteoppkrevjaren vurdere å be kommunestyre auke marginprosenten til 11%.

Marginavsetning for inntektsåret 2011, pr. 31.10.2011 kr 25.347.427,-

Gjeldende prosentsats: 10%

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutviklingen

3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2011	Herav berostilt restanse 31.12.2011	Restanse 31.12.2010	Herav berostilt restanse 31.12.2010	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	9 789 396	1 665 512	11 109 538	1 787 383	- 1 320 142	- 121 871
Arbeidsgiveravgift	88 453	0	33 154	0	+ 55 299	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	750 377	134 732	710 165	134 732	+ 40 212	0
Forskuddsskatt	15 962	0	11 388	0	+ 4 574	0
Forskuddsskatt person	3 126 980	767 000	3 420 041	767 000	- 293 061	0
Forskuddstrekk	5 320	0	23 604	0	- 18 284	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	61 384	1 495	63 630	1 495	- 2 246	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	78 872	0	371 451	0	- 292 579	0
Restskatt person	5 662 048	762 285	6 476 105	884 156	- 814 057	- 121 871
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	0	0
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	9 789 396	1 665 512	11 109 538	1 787 383	- 1 320 142	- 121 871

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Den totale restansen har gått ned frå kr. 11.109.538,- pr. 31.12.2010 til kr. 9.789.396,- pr. 31.12.2011. Dette er ein nedgang på kr. 1.320.142,-. Nedgang i restansen er stort sett på alle skatteartar, men med ein liten auke på arb.gjev.avg., forseinkingsrenter og forsk.skatt upers.

Når det gjeld berostilte krav har dei gått ned frå kr. 1.787.383,- pr. 31.12.2010 til kr. 1.665.512,- pr. 31.12.2011. Dette er ein nedgang på kr. 121.871,-.

Det er i 2011 avskreve totalt kr. 705.062,-. Dette er fordelt på 17 krav og 6 skattytarar. Dette er forelda krav, krav i avslutta konkursbu og avslutta AS.

Det er ettergjeve forseinkingsrenter på kr. 48.567,- for 1 skattytar. Dette er ettergjeving som del av betalingsordning.

Pensjonsgjevande inntekt er nedsett for 3 skattytarar med tilsaman kr. 51.949,-.

Avskrivning, ettergjeving og nedsetjing av pensjonsgjevande inntekt utgjer totalt kr. 805.578,-.

Sum utlikna skatt personlege skattytarar var for 2010 kr. 343.649.908,-, mens det for 2009 var kr. 326.153.617,-. For upersonlege skattytarar var utlikna skatt for 2010 kr. 147.233.514,-, mens det for 2009 var kr. 120.164.806,-.

Det var i 2011 pr. 31.12.2011 innbetalt kr. 70.704.686,- i arb.gjev.avg., mens det i 2010 pr. 31.12.2010 var innbetalt kr. 66.326.511,-. Av innbetalt arb.gjev.avg. får kommunen ikkje fordelt noko.

For restskatt 2010 personlege skattytarar forfall 2.termin oktober utlegg den 14.12.2011. Ved oktober utlegg var det dei største restskattane. Skatteoppkrevjaren ser at ein del av dei store ikkje er betalt slik at dei vart reg. som betalt pr. 31.12.2011, men er betalt pr. i dag.

Ser vi på restanse restskatt/forskotsskatt personlege skattytarar for alle år, så har 10 skattytarar åleine ein restanse på over kr. 6,5 mill.

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2009	1.111.302,-	980.912,-
2008	745.929,-	598.738,-
2007	456.897,-	367.748,-
2006 – 19XX	4.732.194,-	-----

3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Skatteoppkrevjar kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2011 og sikra at krav ikkje foreldes uten at det er iverksett tiltak.

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2011: 10

Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2011: 21.523,-

Kun 2 av krava (kr. 13.543,-) vart forelda pr. 31.12.2011. Dette var krav i dødsbu der skifteattest er utskreve etter skiftelova § 80. Desse krava er avskrevne pr. i dag. Dei andre krava som står som forelda på 31.12.2011 er krav på utenlandske arbeidstakarar der adresse er ukjent. Dei er ikkje forelda etter Foreldelseslova § 10 nr. 1. Foreldelses dato vil bli endra av skatteoppkrevjaren snarast.

3.2 Innfordringens effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 30.06.2011

Som tabellen nedanfor viser har skatteoppkrevjaren ikkje nådd alle krav som var sett til innfordringa pr. 30.06.2011. Dette gjeld restskatt innbetalt/innfordra. Her ligg vi litt under kravet. Dette skuldast at ein del store restskattar for 2009 har vist seg vanskelig å få innbetalt. Pr. 31.12.2011 har framleis 8 skattytarar åleine ein restanse på kr. 957.357,-. Desse har alle restansar også frå tidlegare år.

		KRAV PR 30.06.11					
		RESULTAT			SKVs		ENDELIG
SKATTE-/AVGIFTSART	ÅR	30.06.2009	30.06.2010	30.06.2011	FORSLAG 30.06.2011	FORSLAG 30.06.2011	KRAV 30.06.2011
Restskatt innbetalt	2009	90,7 %	94,4 %	91,2 %	94,0 %	94,0 %	94,0 %
Forskuddstrekk	2010	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Forskuddsskatt	2010	97,4 %	99,2 %	99,4 %	99,0 %	99,0 %	99,0 %
Arbeidsgiveravg	2010	99,8 %	100,0 %	99,9 %	99,9 %	99,9 %	99,9 %
Restskatt innfordr.	2009	37,7 %	50,7 %	42,0 %	50,0 %	50,0 %	50,0 %

3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Skatteoppkrevjaren i Gloppen har i 2011 sendt vanlege purringar i tillegg til pål.trekk og motrekningar. Motrekningar vert gjort både i tilskot frå staten, mva og utbetalingar frå Gloppen kommune.

Etter at det i 2009 vart innført strengare handsaming av betalingsavtaler har talet på betalingsavtaler gått ned. Alle søknader må no leverast skriftlig og med dokumentasjon. I 2011 vart det gjeve 8 betalingsordningar innan for skatteoppkrevjaren sine fullmakter.

I slutten av 2010 starta skatteoppkrevjaren so smått å opptre som namsmann sjølv. Dette har skatteoppkrevjaren fullmakt til etter skattebetalingslova. Det er i 2011 totalt halde 9 utleggsforretningar. Lensmannen i Gloppen har halde 2 utleggsforretningar, mens skatteoppkrevjaren i Gloppen har halde 7 utleggsforretningar. Av dei skatteoppkrevjaren har halde er 1 utleggsforretning halda for annen skatteoppkrevjar. Når skatteoppkrevjaren i Gloppen sjølv held utleggsforretningane er det Gloppen kommune som får gebyr på kr. 1.591,-.

Det kunne godt vore halde fleire utleggsforretningar i 2011, men ingen krav er blitt forelda på grunn av manglande utlegg. Skatteoppkrevjaren i Gloppen har i 2011 jobba med fleire gamle saker og fått til løysingar på fleire av dei. Desse sakene har vore tidkrevjande og har gått litt ut over anna manuelt innfordringsarbeid. Men dette er noko av grunnen til at den totale restansen er gått ned med over 1,3 mill. på tross av at vi har fått nye restansar, etter likning 2010, på over 2 mill.

Skatteoppkrevjaren har i 2011 ikkje sendt konkursbegjæringar eller tvangssalg til tingretten.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Den totale restansesituasjonen i 2011 har vore positiv og det har ikkje vore nokon andre spesielle forhold i 2011 enn det som er nemnt ovanfor.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Skatteoppkrevjaren har alt starta arbeidet med auka fokus på restansar etter avrekning 2010, som ikkje er betalt. Utleggsforretningar er beramma og fleire pål.trekk er varsla.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren tok i siste halvår 2010, etter å ha delteke på kurs hos Skatt vest, i bruk særnamskompetansen for utlegg. Vi har sidan vi starta halde 12 utleggsforretningar. Fleire har vore varsla, men restansen vart betalt før utleggsforretning vart halde.

I dei fleste saker er det heilt klar ein fordel at skatteoppkrevjaren held utlegg sjølv. Det vert ein raskare og enklare saksgang (slepp lensmannen som mellomledd) Med meir erfaring vil skatteoppkrevjaren kunne verte meir effektiv og det vil ha positiv innverknad på å nå resultatkrava i innfordringsarbeidet.

4. Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen

Skatteoppkrevjaren i Gloppen er ikkje med i noko interkommunalt samarbeid. Alle kontrollane er haldne av ansatt ved skatteoppkrevjaren i Gloppen sitt kontor.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroller for 2011: 17

Som utgjør: 5,0 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller 2011: 17

Som utgjør: 5,0 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2010: 18

4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen

Det er i 2011 halde 13 avdekkingskontrollar og 4 formalkontrollar. Totalt 17 kontrollar. I kontrollane er det ikkje avdekka beløp, men i 11 av kontrollane er det avdekka formelle feil i form av manglande/feilaktig bruk av skattetrekksskonto og manglande innmelding i AA registeret.

4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen

Skatteoppkrevjaren i Gloppen har gjennomført 17 kontrollar, som er lik krav til antall kontrollar. Skatteoppkrevjaren hadde også planlagt 17 kontroll, men 2 av dei først planlagde kontrollane gjekk ut, men vart erstatta med kontroll i 2 konkursbu. Det er kontrollert 3,5% av LTO .


4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Skatteoppkrevjaren i Gloppen har ikkje delteke i fellesaksjonar. Det har ikkje vore noko samarbeid med skattekontoret ved valg av kontroll objekt. Då det ikkje har vore avdekka noko beløp har det ikkje vore grunnlag for skattekontoret å skulle gje noko tilbakemelding eller oppfølging av innsende kontrollrapportar.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Det meste av informasjonen vert gjeve til arbeidsgjevarar som tek kontakt med skatteoppkrevjaren. Dei fleste nye arbeidsgjevarar har eit rekneskapskontor som rekneskapsfører. Alle arbeidsgjevarar som ikkje har det får tilsendt informasjon om plikter, i tillegg til eit spørjeskjem dei skal returnere til SKO. Det var i 2011 9 nye arbeidsgjevarar, 3 av dei fekk tilsendt informasjon.

Sted/dato: Sandane 23.1.2012


Skatteoppkreverens signatur

Vedlegg: Årsregnskapet for 2011 - signert av skatteoppkreveren.

003/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I GLOPPEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 14.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	22.02.2012	003/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Gloppen kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I GLOPPEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gloppen kommunestyre

ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Gloppen kommune har i år 2011 vore samansett slik:

Valperioden 2007 – 2011:

Medlemer:

Øystein Hellerud (leiar)

Per Rune Vereide (nestleiar)

Åshild Klara Roset

Varamedlemer:

1. Grethe Lysen

2. Birger Berge

3. Iren Nesje Roset

4. Arvid Gimmestad

Valperioden 2011 – 2015:

Medlemer:

Geir Strand (leiar)

Bjarne Bø (nestleiar)

Hans Os

Irene Moen

Tone Lise Jakobsen

Varamedlemer:

1. Svein Helge Hovstad.

2. 2. Karoline Bjerkeset.

3. 3. Jenny Hysing.

I 2011 har SEKOM-sekretariat vore sekretariat for kontrollutvalet..

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2011 har kontrollutvalet i Gloppen hatt fem møte der det er handsama i alt 32 saker. Kontrollutvalet tinga i 2010 forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vurdering av pleie, omsorg og rehabilitering i Gloppen kommune – bruk av IKT som verktøy. Rapport for prosjektet er levert i 2011 og sendt kommunestyret for handsaming.

Kontrollutvalet har følgd opp kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten «Vurdering av sjølvkosttenesta med omsyn til utrekning av brukarbetaling og gebyr» levert i 2010. Kontrollutvalet vurderte det slik at merknadene til kommunestyret var følgd opp.

Kontrollutvalet har også følgd opp kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten «Prosedyre for val av arkitekt/igangsetting av byggjeprojekt» levert i 2009. Kontrollutvalet følgjer opp saka vidare.

Kontrollutvalet har tinga overordna analyse, som er grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon, frå Kommunerevisjonen i Nordfjord. Kontrollutvalet har vedteke at det ikkje vert valt nye forvaltningsrevisjonsprosjekt før overordna analyse er ferdig.

Kontrollutvalet har i 2011 handsama rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS. Rapporten vart sendt kommunestyret for handsaming.

Kontrollutvalet har i 2011 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følgje av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har handsama sak om ny politisk organisering. Kontrollutvalet innstilte på at det skulle vere fem medlemmer i kontrollutvalet. Kommunestyret gjorde vedtak i samsvar med innstillinga til kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg revisor skal årleg gjere ei eigenvurdering av ubundenskap. Kontrollutvalet tok eigenvurderinga til vitande.

Kontrollutvalet har gjeve innstilling til kommunestyret om reglement for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet er blitt orientert om investeringsprosjekt under arbeid.

I samband med at vi har gått inn i ein ny valperiode med nyvalt kontrollutval, har Sekom-sekretariat orientert om rolla og oppgåvene til sekretariatet for kontrollutvalet, rolla og oppgåvene til kontrollutvalet og møterutinar. Kontrollutvalet er også meldt på til seminar med innhald; rolla og oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet deltok også i folkevaldopplæringa til Gloppen kommune.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet «Godkjenning av innkalling og sakliste» «Skriv og meldingar», «Oppfølgingsliste» og «Eventuelt»

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Utover dette har kontrollutvalet handsama sakene «Årsrekneskapen 2010», «Møteplan 2011 for kontrollutvalet» og «Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet».

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Sandane den 22. februar 2012

Geir Liavåg Strand
Leiar

Hans Os

Irene Moen

Tone Lise Jacobsen

Svein Helge Hovstad

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

004/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GLOPPEN 2012

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 14.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	22.02.2012	004/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan i kontrollutvalet.
- Møteplan 2012 for Gloppen kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Gloppen for 2012 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GLOPPEN 2012

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Gloppen for 2012.

Saksopplysningar:


Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2012 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøtet. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL GLOPPEN KOMMUNE 2012

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		22.		18.		4.			12.		30.	
FORMANNSKAP	12.	9.	8./15.	19.	3./31.	14.						
KOMMUNESTYRET	5.	6.	19.	26.		18.						



Gloppen kommune

Revidert møtekalender for 2012 (januar - juni)

	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
Kommunestyret	5. ¹	6.	19.	26. ¹		18.
Formannskapet	12.	9.	8. og 15. ²	19.	3. og 31.	14.
Helse- og omsorgsutvalet	31.		6.	17.	15.	12.
Kultur- og miljøutvalet	31.		13.	17.	15.	12.
Oppvekstutvalet	31.		6.	17.	15.	12.
Teknisk/landbruksutvalet	10. og 31.		6.	17.	15.	12.
Administrasjonsutvalet		9.	8.	19.	31.	
Kontrollutvalet						
Nordfjordrådet	17. el. 18.		26.		14.	25.

¹ Opplæringsdagar for kommunestyret

² Fellesmøte med formannskapet i Jølster?

005/12 PAPIRLAUST KONTROLLUTVAL

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 14.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	22.02.2012	005/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- E-post frå kontrollutvalsleiar til Sekom-sekretariat, datert 13.12.11.
- E-post frå Sekom-sekretariat til Gloppen kommune, datert 14.12.11.
- Brev frå Gloppen kommune til Sekom-sekretariat, datert 16.12.11.
- E-post frå Sekom-sekretariat til kontrollutvalsleiar, datert 16.12.11.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding frå sekretariatet.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

PAPIRLAUST KONTROLLUTVAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Gloppen kommune

Innleiing – Kva saka gjeld

Spørsmål om kontrollutvalet i Gloppen skal bli papirlaust.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalsleiar har i e-post 13. desember 2011 stilt spørsmål ved om kontrollutvalet kan bli papirlaust, og om det er mogeleg at alle i kontrollutvalet får tilgang til den papirlause politikarløysinga basert på lese Brett som Gloppen kommune i nær framtid går over til.

Sekretariatet har stilt spørsmålet vidare til Gloppen kommune i e-post 13.12.2011, og det er motteke svar 16.12.2011. Sekretariatet har også kontakta Gloppen kommune via telefon i saka.

Gloppen kommune opplyser at politikarportalen er eit Acos-produkt som både gjev papirlaus saksutsending og møteutvikling, og samstundes gjev politikarane tilgang på sakene til møta etterkvart som dei blir ferdige. Portalen krev pålogging, og opnar også for innsyn i saker som ikkje er offentlege for folk flest. «Politikarportalen» er skreddarsydd til kommunen sitt post/sak/arkiv-system, som kommunen brukar i sakshandsaminga, og også knytt til Acos si programvare for møteavvikling.

Gloppen kommune har valt å gjere portalen tilgjengeleg på lese Brett. Det vert vist til brevet for nærare detaljar om innhaldet.

Sekom-sekretariat er, som også administrasjonen i Gloppen kommune nemner i brevet, ikkje knytt opp mot den skisserte løysinga. Det vil derfor ikkje vere mogeleg for kontrollutvalet via denne løysinga å få tak i kontrollutvalet sine saker. Det vil berre vere Gloppen kommune sine saker som vil vere tilgjengelege gjennom systemet.

Kontrollutvalet kan likevel vere papirlaust i den forstand at møteinnkallingar med saker berre vert sendt på e-post. I dag brukar vi ei løysing der vi legg møteinnkallingar inkl. sakene og protokollane etter møte ut på heimesida vår, www.sekom.no. I tillegg sender vi ut innkallingar pr. post til dei faste medlemene, slik at desse kan ha med seg papira i møte. Altså er den endringa som kan gjerast pr. i dag i høve til sakene til kontrollutvalet at vi sluttar å sende ut innkallingar pr. post. Dette vil krevje at kontrollutvalsmedlemene har med seg iPad eller PC til møta, evt. at vi tek med kopi av sakene til møtet.

Sjølv om sakene til kontrollutvalet ikkje kan nåast via Politikarportalen, kan det vere av interesse for kontrollutvalsmedlemene å få tilgang til andre politiske saker.

I samtale med Gloppen kommune har vi fått opplyst at ein iPad vil koste kr. 3.045,- + mva pr. stk. I tillegg kjem opplæringskostnader og brukarstøtte. Gloppen kommune har ikkje noko særskilt reglement for godtgjersle ved bruk av eigen PC, men dei har eit generelt reglement som seier at politikarar får dekkja kostnadene dei har i samband med utøving av vervet sitt.

Kostandene Sekom-sekretariat har med å sende ut innkalling pr. brev er ikkje store. Vi har kring fem * fem sendingar på år med eit snitt rundt kr. 50,- i porto. I tillegg kjem papir og kopieringskostnader, som er uvesentlege. Omtrent kr. 2.000,- pr. år kan Sekom spare pr. år ved at kontrollutvalet i Gloppen vert papirlaust, og med fordelingsnøkkelen vår, vil denne innsparinga bli fordelt på alle eigarkommunane. Konklusjonen er derfor at Gloppen kommune ikkje vil spare noko i høve til sekretariatskostnadene ved å gå over på ei papirlaus løysing.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet har ikkje gjeve tilråding i saka. Vi ser ikkje nokon økonomisk innsparing i at kontrollutvalet vert papirlaust. Å bli papirlaust kan likevel vere eit mål i seg sjølv, og er definitivt ein framtidsretta måte å tenke på.

Dersom kontrollutvalet ynskjer å bli papirlaust er det to løysingar:

- Kommunen kjøper inn utstyr til alle; iPad a kr. 3.045,-.
- Kommunen gjev kontrollutvalsmedlemene godtgjersle for bruk av eige utstyr.

Det må også vurderast i høve til varamedlemene, som i dei fleste tilfelle vil ha svært få oppmøte i laupet av valperioden.

Dersom kontrollutvalet ynskjer ei papirlaus ordning, som ikkje kan løysast gjennom eige vedtak, ser sekretariatet det som naturleg at saka med forslag om løysing for kontrollutvalet vert sendt over til rådmannen, som så bør ta saka med seg vidare i sitt arbeid med den papirlause ordninga for Gloppen kommune.

Tveit Asgeir

Fra: Kirsten og Geir Strand [strandgk@online.no]
Sendt: 13. desember 2011 16:07
Til: Tveit Asgeir
Kopi: 'Bø Bjarne'; 'Tone Lise Jacobsen'; 'Os Hans'; 'Moen Irene'; 'Marit Elisabeth Larssen'; 'Jan Kåre Fure'
Emne: Spørsmål om papirløyse i kontrollutvalet

Hei!

Eg snakka med administrasjonen i Gloppen kommune i dag, og om eg forsto det rett, går dei med det første over til papirlaus politikarløysing basert på lesebrett (iPad). Det betyr at vi som folkevalde kan følgje alle sakene og får alle sakspapira til politiske råd og utval på lesebrett.

Kan de vurdere om vi som medlemmar i kontrollutvalet også burde ha eit liknande system? Eg tenker på alle medlemmane i kontrollutvalet. Då nestleiar i kontrollutvalet har møte/talerett når kontrollutvalssaker vert tatt opp i kommunestyret vil eg meine at det er viktig at han får tilgang til den same politikarløysinga inn i mot sakshandsamingssystem til kommunen som eg som leiar (og medlem av kommunestyre) har. Kanskje burde vi alle gå over til papirløyse?

Venleg helsing

Geir Liavåg Strand, leiar kontrollutvalet i Gloppen

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 14. desember 2011 09:08
Til: 'Gloppen kommune (post@gloppen.kommune.no)'
Emne: Papirløyse i kontrollutvalet

Vi viser til e-post frå kontrollutvalsleiar av 13. desember 2011. Sjå nedanfor. Vi ber om informasjon vedrørande den papirlause politikaløysinga basert på lesebreidd, som Gloppen kommune skal gå over på. Vidare ber vi vurdert om dette er ei løysing kontrollutvalet også vil ha høve til å gå inn på.

Sekretariatet for kontrollutvalet sender innkalling til møte elektronisk, og det er, slik vi ser det, ikkje noko endringar som trengst gjerast frå vår side for at dette skal fungere. Alle innkallingar med dokument og møtebøker ligg også ute på nettet.

Med helsing

[illegible]

e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Faks: 57 72 20 10

Fra: Kirsten og Geir Strand [<mailto:strandgk@online.no>]
Sendt: 13. desember 2011 16:07
Til: Tveit Asgeir
Kopi: 'Bø Bjarne'; 'Tone Lise Jacobsen'; 'Os Hans'; 'Moen Irene'; 'Marit Elisabeth Larssen'; 'Jan Kåre Fure'
Emne: Spørsmål om papirløyse i kontrollutvalet

Hei!

Eg snakka med administrasjonen i Gloppen kommune i dag, og om eg forsto det rett, går dei med det første over til papirlaus politikkarløysing basert på lese Brett (iPad). Det betyr at vi som folkevalde kan følgje alle sakene og får alle sakspapira til politiske råd og utval på lese Brett.

Kan de vurdere om vi som medlemmar i kontrollutvalet også burde ha eit liknande system? Eg tenker på alle medlemmane i kontrollutvalet. Då nestleiar i kontrollutvalet har møte/talerett når kontrollutvalssaker vert tatt opp i kommunestyret vil eg meine at det er viktig at han får tilgang til den same politikarløysinga inn i mot sakshandsamingssystem til kommunen som eg som leiar (og medlem av kommunestyre) har. Kanskje burde vi alle gå over til papirløyse?

Venleg helsing

Geir Liavåg Strand, leiar kontrollutvalet i Gloppen



GLOPPEN KOMMUNE

SERVICETORGET

SEKOM-sekretariatet
Postboks 338
6802 FØRDE

SEKOM-sekretariat	
16.12.2011	
J.nr.	525
Saksh.	At Arkiv Gloppen
U.off. etter	

Att: Asgeir Tveit

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
11/12835

Arkivopplysningar
11/1567-4 / 062 / /

Dato
16.12.2011

Politikarportalen og kontrollutvalet

Eg viser til e-post om denne saka.

"Politikarportalen" er eit Acos-produkt som både gjev papirlaus saksutsending og møteutvikling, og samstundes gjev politikarane tilgang på sakene til møta etter kvart som dei blir ferdige. Portalen krev pålogging, og opnar også for innsyn i saker som ikkje er offentlege for folk flest. "Politikarportalen" er skreddarsydd til kommunen sitt post/sak/arkiv-system (WebSak) som vi brukar i saksbehandlinga, og også knytt til Acos si programvare for møteavvikling (SRU).

Vi har valt å gjere portalen tilgjengeleg på lesebrett. Vi kunne også valt PC. Brettet vil sjølvstendig fungere som lesebrett i andre samanhengar enn ved bruk av portalen, og slik sett kan kontrollutvalet sine medlemmer bruke dette til kontrollutvalsaker. Då blir bruken sjølvstendig eit alternativ til PC. Sidan SEKOM ikkje brukar Acos si programvare i si saksbehandling og møteavvikling vil ikkje kontrollutvalet sine medlemmer ha noko nytte av "Politikarportalen" for det som kjem frå SEKOM.

Eg håpar dette er litt avklarande, i alle fall når det gjeld omgrepet "Politikarportalen"

Med helsing

Jan Kåre Fure
sekretariatsjef
tlf. 57 88 38 28

Kopi til:
Geir Liavåg Strand

Nordåsen 2

6823 SANDANE

Postadr.:
6823 Sandane

Telefon:
57 88 38 00

Telefaks:
57 88 38 01

Organisasjonsnr.:
964 969 124

E post:
post@gloppen.kommune.no

Tveit Asgeir


Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 16. desember 2011 12:25
Til: 'Strand Geir Liavåg (strandgk@online.no)'
Kopi: 'Jan Kåre Fure'
Emne: SV: Politiskarportalen og kontrollutvalet

Vi legg svaret frå Gloppen kommune fram for kontrollutvalet i neste møte. Vi kan evt. lage ei eiga sak på dette.

Konklusjonen vår er at kontrollutvalet i Gloppen kan fungere papirløst. Dette må likevel skje i den forstand at kontrollutvalet utelukkende får innkalling inkl. sakene tilsendt elektronisk, og at dei har med seg PC eller lesebrett i møta, og at det er tilgang til trådløst nettverk. Spørsmålet blir om Gloppen kommune vil investere i det utstyret som trengs, evt. gje kompensasjon for bruk av eige utstyr. Utfordring kan vere den enkelte medlem sin vilje eller kunnskap til å bruke systemet og korleis ein skal handtere varamedlemmer i eit slikt system.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Faks: 57 72 20 10

Fra: Jan Kåre Fure [<mailto:jan.kare.fure@gloppen.kommune.no>]

Sendt: 16. desember 2011 12:03

Til: Tveit Asgeir

Kopi: strandgk@online.no

Emne: Politikarportalen og kontrollutvalet

Hei!

Sjå vedlagde brev.

Vennleg helsing

Jan Kåre Fure

006/12 OPPFØLGINGSLISTE 1-2012

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 14.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	22.02.2012	006/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2012 Gloppen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 GLOPPEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 14. februar 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2012 - Gloppen.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gloppen kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
019/10: Kontrollutvalsarbeid -- tiltak.	2.12.10		02.12.10: Vedtak KU 13.02.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i september. 18.07.11 Svar frå Gloppen om mottak av brev om orientering i neste møte.
11/11 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen	01.06.11		01.06.11: Tilråding til kst. 01.06.11: s kst. 14.07.11 Påminning om saka. 18.07.11 Stadfesting mottak av påminning. Ikkje handsama i kst.
Sak 023/11 Godkjenning av innkalling og sakliste.	02.12.11		02.12.11 Vedtak KU- Ingen merknad til innkallinga.
Sak 024/11 Skriv og meldingar.	02.12.11		02.12.11 Vedtak KU- Skriv og meldingar teken til vitande.
Sak 025/11 Orientering om investeringsprosjekt under arbeid.	02.12.11		14.07.11 Brev til Gloppen kommune. 02.09.11 Brev til Gloppen kommune 02.12.11 Vedtak KU- Tek orientering om investeringsprosjekt ti vitande.
Sak 026/11 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet "Prosedyre for val av arkitekt/igangsetting av byggeprosjekt"	02.12.11		01.07.11 Brev til Gloppen kommune. 02.09.11 Brev til Gloppen kommune 06.12.11 Vedtak KU- saka sendt til KS til orientering.
Sak 027/11 Opplæring - Orientering om planverket - Orientering om forvaltningsrevisjon. - Orientering om kontrollutvalsarbeidet v/tidlegare kontrollutvalsmedlem Per Rune Vereide. - Orientering om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet, oppgåvene til SEKOM-sekretariat og møterutinar.	02.12.11		- 02.12.11 Vedtak KU- - Kontrollutvalet ynskjer å bli invitert til folkevaldopplæringa i Gloppen kommune. - Kontrollutvalet har som intensjon at faste medlemmer og varamedlemmer skal delta på kontrollutvalsopplæringa som vert halden på Skei 23. januar 2012. 06.12.11 Sendt e-post til adm. Med oppmoding om å kalle inn KU til folkevaldopplæring.
Sak 028/11 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt.	02.12.11		29.06.11 Brev til Gloppen kommune. 02.09.11 Brev til Gloppen kommune 02.12.11 Vedtak i KU - Kontrollutvalet utset val av forvaltningsrevisjonsprosjekt inntil Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2011 – 2015 er vedteken av kommunestyret.
Sak 029/11 Overordna analyse – tinging.	02.12.11		02.12.11 Vedtak i KU – "Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå Kommunerevisjonen i Nordfjord."

Sak 030/11 Reglement for kontrollutvalet.	02.12.11		02.12.11 Vedtak KU- Kommunestyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Gloppen. 06.12.11 Reglementet for kontrollutvalet sendt til KS
Sak 031/11 Oppfølgingsliste 4 2011 – Gloppen.	02.12.11		02.12.11 Vedtak KU- Oppfølgingsliste 4-2011 vert teken til vitande.
Sak 032/11 Eventuelt.	02.12.11		02.12.11 Vedtak KU- Sekretariatet avklarar med administrasjonen rutinar for attesting av tapt arbeidsforteneste for kontrollutvalsmedlemene til neste møte. - Det skal opprettast abonnement for kommunerevisoren for nesteleiar i kontrollutvalet. 06.02.11 Sendt bestilling på abonement for kommunerevisoren til NKRF. 06.12.11 Sendt førespurnad om rutinar på attesting av tapt arbeidsforteneste til adm. 29.12.11 Brev frå kommunen om tapt arbeidsforteneste.
Sak 001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste			
Sak 002/12 Skriv og meldingar.			
Sak 003/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Gloppen.			
Sak 004/12 Møteplan for kontrollutvalet i Gloppen 2012.			
Sak 005/12 Papirlaust kontrollutval.			
Sak 006/12 Oppfølgingsliste 1-2012 – Gloppen			
Sak 007/12 Eventuelt.			

Oppdatert 14.02.2012

007/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 14.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.02.2012	007/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte kan gjerast her.